

BAKSIDA

Ikkje fått avisa? Omdressering:
Ring kundesenteret
852 33 228

Annonser:
annonse@hardanger-folkeblad.no
53 65 06 00

Les avisa på nett:
www.hardanger-folkeblad.no

 Odde begravelsesbyrå
& Digraanes blomster

Alle tjenester ved
begavelser i hele
distriktet

Vakttelefon
tlf. 90 67 99 99

Blomsterbutikk
tlf. 53 64 21 50

 www.digraanes.no

■ Hallvard Lid har teke mastergrad på målføret i Ullensvang

Nokre overraskingar

«Men Odda e' jo da
nature' sentere fy
oss, dao».

METTE BLEKEN
mette@hardanger-folkeblad.no
99034911

Ovanstående er tittel på Hallvard Lid si mastergradsoppgåva i nordisk språk ved Universitetet i Bergen, med undertittel: Ei sosiolingvistisk gransking av variasjon og endring i Ullensvang herad. Ferdig i vår og kvittert ut med god karakter.

- Det overraske meg at språket har endra seg mykje i generasjonen som er fødte på 1930- og 40-talet. Eg hadde trudd det var fleire konservative trekk, seier Hallvard som mellom anna har undersøkt hokjønnsord i fleirtal. Hans generasjon seier jente og jentene, medan ein tidlegare sa jentur og jentuna, der u mest lydte som o.

- Den lyden er så godt som vekke. I dag er det ikkje stor skilnad mellom eldre og yngre når det gjeld hokjønnsord. Det vert jentene og jentena, forklarer han og held fram:

- Det tradisjonelle aokan er i dag bytta ut med aokans i den yngste generasjonen..

Lid har ein teori om at aokans er laga etter mønster av omgrepet «deirans».

Ao og å

Ao-lyden er nesten vekke blant dei unge. I to prosent av alle orda som hadde ao-lyd tradisjonelt, var lyden der framleis, mellom anna i aoko og aokans, aotta, Jaostad, aor og aorstid. Men han hørte ikkje Nao for Nå i sine opptak.

Ao-lyden vart likevel nytta av halvparten av dei eldre informantane.

- Heldigvis fekk eg ikkje rett i at dei unge konsekvent seier oss i staden for aoko. Totalt sett var det 35 prosent belegg på den gamle forma.

HF var med då han intervjuar ungdomsskuleelevar i fjor vår. Han har tolka språkbruk ut ifrå språkbrukarane. Han har og hatt vaksne informantar til prosjektet, i tillegg til språkoptak frå 60-talet med folk fødte frå 1870 til tidleg på 1900-talet. Til saman 44 informantar. Han er takksam for alle som stilte opp



MASTER: Hallvard Lid har studert språket i Ullensvang.

og let seg intervjuar i prosjektet.

- Språkendring er naturleg, slår han fast og viste i oppgåva at dei ikkje snakkar likt på aust- og vestsida av fjorden (nordsida var ikkje med i undersøkinga). Skilnaden ligg i palatalisering av velarar.

- Og det tyder?

- Velarar er lyden k og g. Velum er den mjuke ganen (bak), palatum den harde (fremst). Fordi k og g vert uttala mot den mjuke; me trykkar tunga mot velum, blir dei velarar. Når velarane vert palatale; trykker me mot den harde ganen. Prøv bakkar/bakkjen, sekken/sekkjen, bingjen og bankje, oppmodar Lid.

- I akkurat denne variabelen held vestsida mest på tradisjonsspråket, medan aoko og aokans held seg best på austsida. Men det er mitt inntrykk

» Eg har generelt inntrykk av at folk frå gardar og mindre bygder held meir på tradisjonar.

HALLVARD LID
Språkforskar

at dei unge på vestsida held meir på det tradisjonelle.

Tradisjon og påverknad

- Kvifor?

- Eg trur det er fordi det er mindre, og kanskje meir tradisjonsbundne bygder på vestsida. Eg har generelt inntrykk av at folk frå gardar og mindre bygder held meir på tradisjonar. Palataliseringa gjeld til dømes 70 prosent av belegga hjå både unge og gamle på vestsida,

medan det er 50/50 på austsida.

- Kor kjem endringane frå?

- Mykje frå Odda trur eg, men mest alle endringane eg har undersøkt, er grammatikalske for- enklingar. At einskildlydar og spesielle endingar vert borte, er etter boka. I Odda er det «språkleg kaos» og der som på andre industristader, dannar det seg industridialekter. Eitt anna moment er at språket frå eit sentrum spreier seg til omlandet.

- Det er vanskeleg å bevisa, men eg trur og at dei store strukturendringane i landbruket og bygdene som følgde av jordskiftet rundt 1900, kan ha påverka språket. Det vart andre buformer og eit anna miljø. Mange omgrep knytt til det som vert borte, går med i dragsuget når det ikkje vert nytta. Fleire av informantane eg hørte i

opptak, peika på jordskiftet som den største endringa i si tid. Ny teknologi, mobilitet og reiseverksemd er og del av biletet.

Sentralisering har sjølv sagt hatt sitt å seie, til dømes forsvann omgangsskulen, og i dag vert skulekrinsane stadig større. Tilflytting vil og setta preg på språket, svarar Lid (fødd halvt harding og oppvaksen på Lofthus) og slår fast at nynorsken har bidrege positivt til å halda på dialektene.

- Fryktar du for hardinga- maolet?

- Eg er glad det finst på band! Ingen vil greia å forma dialekta si etter slik det var i eldre tid. Det var og eit anna vokalsystem tidlegare. Men eg håpar det vert mogleg å høyra at folk er frå Hardanger i framtida og.